



## MØTEPROTOKOLL

### FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 28.08.2017  
**Møtestad:** Heeradshuset, Dale  
**Møtetid:** 12:00 - 14:30

Møtet starta med orientering om status i K5-prosjektet, med særleg vekt på Vaksdal sentrum og Stanghelle sentrum v/prosjektleiar for E16/Vossebanen Arna-Stanghelle Gunnar Søderholm v/Olav Lofthus, Statens vegvesen

#### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Bjørn Roald	H	Anneli Vatle Lilletvedt

---

#### Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking  
Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal  
Politisk sekretær Sølvi Legård

---



## Saksliste

<b>SAKSNR</b>	<b>TITTEL</b>
53/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
54/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
55/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
56/2017	DRØFTINGSSAK - SITUASJONEN I LOKALAVISENE. ANNONSERING ETC.
57/2017	MOBILDEKNING EKSINGEDALEN, GRØSVIK OG TOSKEDAL
58/2017	DELTAING I VEST BRANN- OG REDNINGSREGION
59/2017	OM SKILTING OG SJØLVLUKKANDE BOMMAR I BRYLLUPSHAUGEN I VAKSDAL



**53/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 28.08.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 53/2017 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**54/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 28.08.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 54/2017 Vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

---

**55/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.



**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 28.08.2017**

**Behandling:**

Referatsak 1 og 3 om K5:

Ordfører ba om det blir lagt til rette for ein debatt i første møte i kommunestyret om kva alternativ Vaksdal kommune skal samle seg om.

**FPØ - sak 55/2017 Vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**56/2017: DRØFTINGSSAK - SITUASJONEN I LOKALAVISENE. ANNONSERING ETC.**

**Framlegg til vedtak:**

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 28.08.2017**

**Behandling:**

Formannskapet ber om at det blir tatt omsyn til innspela frå formannskapet i samband med revidering av kommunikasjonsstrategien til Vaksdal kommune.

**FPØ - sak 56/2017 Vedtak:**

---

**57/2017: MOBILDEKNING EKSINGEDALEN, GRØSVIK OG TOSKEDAL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert løyvd inntil kr. 900.000,- ekskl. mva frå Næringsfondet 2514500 for å fullfinansiere vedteken mobilutbygging.

Oppjustert kalkyle for utbygginga er 10,819 mill. kr ekskl. mva. Ved utbetaling av tilskot frå Hordaland fylkeskommune skal dette tilbakeførast til Næringsfondet 2514500

Formannskapet ber om at det vert lagt fram dekningskart for heile Vaksdal kommune i høve mobildekning.

Formannskapet ønskjer at Bergen fiber kjem og orienterer om dekning for fiber og planlegging av fiberutbygging i kommunen.



**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 28.08.2017**

**Behandling:**

Oversendingsframlegg frå Kjartan Haugsnes:

1. *Formannskapet ber om at det vert lagt fram dekningskart for heile Vaksdal kommune i høve mobildekning.*
2. *Formannskapet ønskjer at Bergen fiber kjem og orienterer om dekning for fiber og planlegging av fiberutbygging i kommunen.*

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke

Kjartan Haugsnes sitt oversendingsframlegg samrøystes vedteke

**FPØ - sak 57/2017 Tilråding:**

Det vert løyvd inntil kr. 900.000,- ekskl. mva frå Næringsfondet 2514500 for å fullfinansiere vedteken mobilutbygging.

Oppjustert kalkyle for utbygginga er 10,819 mill. kr ekskl. mva. Ved utbetaling av tilskot frå Hordaland fylkeskommune skal dette tilbakeførast til Næringsfondet 2514500

---

**58/2017: DELTAKING I VEST BRANN- OG REDNINGSREGION**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Vaksdal kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. Vaksdal kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet
3. \_\_\_\_\_ er Vaksdal kommune sin årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode
4. Vaksdal kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet
5. Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen
6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 28.08.2017**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak med atterhald om at fleirtalet av kommunane i Bergensalliansen sluttar seg til ordniga.

**FPØ - sak 58/2017 Tilråding:**

1. Vaksdal kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. Vaksdal kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet



3. \_\_\_\_\_ er Vaksdal kommune sin årsmøterepresentant for gjeldande kommunevalperiode
  4. Vaksdal kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet
  5. Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen
  6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst
- 

### **59/2017: OM SKILTING OG SJØLVLUKKANDE BOMMAR I BRYLLUPSHAUGEN I VAKSDAL**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert sendt ut til høyring med fylgjande forslag:

*Gjeldande skilt/skiltkombinasjonar i Bryllupshaugen vert behalde. Sykkelbommane i Bryllupshaugen sør vert fjerna. Sykkelbom i Skreien vert behalden og gjort dobbeltsidig.*

Etter høyringa vert saka lagt fram for formannskapet for endeleg avgjerd.

#### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 28.08.2017**

##### **Behandling:**

Samrøystes vedtak.

##### **FPØ - sak 59/2017 Vedtak:**

Saka vert sendt ut til høyring med fylgjande forslag:

*Gjeldande skilt/skiltkombinasjonar i Bryllupshaugen vert behalde. Sykkelbommane i Bryllupshaugen sør vert fjerna. Sykkelbom i Skreien vert behalden og gjort dobbeltsidig.*

Etter høyringa vert saka lagt fram for formannskapet for endeleg avgjerd.

---



**SPØRSMÅL:**

**Skriftleg spørsmål frå Kjartan Haugsnes:**

**Gjeldande bruk av sprøytemiddel med glyfosat i kommunen.**

Denne sommaren som mange gonger tidlegare har kommunen sprøytta med ugrasmiddel innehaldande glyfosat i vegkanten på kommunale vegar.

Glyfosat er svært omstridd i Europa, og EU vurderer restriksjonar på bruk av dette plantevernmiddelet, og sommaren 2016 vart det gjort endringar i høve EØS avtalen. Ein kan lese slik:

*«Glyfosat får endrede vilkår for godkjenningen. Nylig fikk glyfosat en forlenget godkjenning som aktivt stoff som kan inngå i plantevernmiddel for en kortere periode i påvente av endelig vurdering, og nå endres også vilkårene for godkjenningen. Mandag 11. juli besluttet EU-kommisjonens faste komité for planter, dyr, næringsmidler og for flere endrede vilkår for godkjenning av glyfosatpreparater. Medlemslandene må være særskilt oppmerksomme på risiko knyttet til bruk på områder som brukes av offentligheten eller av sårbare grupper, som offentlige parker og hager, idretts- og fritidsanlegg, skolegårder og lekeplasser og i nærheten av helseinstitusjoner. Det skal også vises særlige hensyn til grunnvann i sårbare områder og det skal sikres at bruk like før høsting kun skjer i tråd med god landbrukspraksis.»*

*«På barns lekearealer er all bruk av plantevernmidler allerede forbudt, inkludert glyfosat. Også på andre offentlig tilgjengelig områder stiller forskriften spesifikke krav til vurderinger om hvorvidt det er alternative metoder som kan benyttes og om risikoreduserende tiltak. I Norge er bruk av glyfosat til sprøyting før høsting bare godkjent for bygg, og det har unntaksvis vært tillatt for havre. Hvorvidt det skal inføres andre restriksjoner som gjelder glyfosatpreparater spesielt er under vurdering».*

Det finnes mange gode alternativ til glyfosat, Statens vegvesen har begynt med damp, og Høgskolen i Sørøst-Norge tilbyr hjelp til kommunar som ønskjer å auke sin kompetanse i høve artsmangfold, kantslått og ikkje bruk av gift. <https://www.usn.no/aktuelt/nyhetsarkiv/hsn-kan-hjelpe-humla-article209689-7457.html>

Kort fortalt – det er ingen grunn til å bruke gift i kommunen.

**Spørsmål:**

1. Vil ordførar ta initiativ til at kommunen tek i bruk andre metodar enn bruk av gift i høve t.d kantslått på veg?
2. Vil ordførar saman med SV be om at det vert teke kontakt med t.d Høgskulen i Sørøst- Noreg for å auka kompetanse i høve naturvern i Vaksdal kommune og på sikt sikre artsmangfold og mindre bruk av gift i kommunen?

**Rådmannen v/einingsleiar samfunnsutvikling gav følgjande svar:**

1. Vil ordførar ta initiativ til at kommunen tek i bruk andre metodar enn bruk av gift i høve t.d kantslått på veg?



Svar:

Ugras bekjempelse langs veg er mulig å utføre med kokende vann og skum. Statens vegvesen er begynt å nytte denne metoden. Dette prosjektet er i startfasen og Statens vegvesen har no fokus på kostnadsbildet og virkningen av metoden. Det er enda usikkerhet på kor mange behandlingar som må til pr. vekstsesong.

I Sverige og Danmark prøver dei ut ein metode som går på varmt vatn, maisstivelse og kokos.

Ugras kan også holdes i sjakk ved hjelp av kantslått. Denne metoden utfører Vaksdal Kommune der vegkantene er egnet for dette.

Skal Kommunalteknisk avdeling holde veggrøfter på et akseptabelt nivå med hjelp av varmt vatn og skum, må det investeres i nytt utstyr/maskiner og opplæring må til.

Kommunalteknisk avdeling følger med på nye alternative metoder når det gjelder bekjempelse av ugras i vegkanter, og me er opptatt av å kunne drifte dette på ein best mulig måte knytt opp mot miljø, kvalitet og kostnadsbilde.

2. Vil ordførar saman med SV be om at det vert teke kontakt med t.d Høgskulen i Sørøst- Noreg for å auka kompetanse i høve naturvern i Vaksdal kommune og på sikt sikre artsmangfold og mindre bruk av gift i kommunen?

Svar:

Kompetanseutvikling er alltid bra, og initiativ som aukar og styrkjer kompetansen i kommunen innafor aktuelle saksfelt, er naturleg for å få eit best mogeleg grunnlag for kommunale sakshandsaming og forvaltning.

Det er viktig å søkje kompetansen der den er, og kommune tek i aktuelle saker kontakt med lokale/regionale kompetansemiljø og nettverk for å skaffe seg grunnlag sakshandsaming og kommunal forvaltingspraksis, til dømes Landbruksrådgjevinga på Vestlandet, som har vore aktivt nytta. Når det gjeld saka om bruk sprøyting for bekjemping av ugras, har kommunen kursa og sertifisert personell i løpet av det siste året

Kontakt med Høgskulen kan vere nyttig og relevant i arbeidet for å sikre best mogeleg kompetanse blant tilsett i kommune, til dømes gjennom aktuelle etterutdanningskurs. I dette høve kan det vere aktuelt å definere kompetanseområde ein treng å styrkje, og avsetje mildar i budsjettet til eventuell kompetanseheving/vidareutdanning.

Når det gjeld å sikre artsmangfaldet i kommune, vil ein på generelt grunnlag opplyse om at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova, §§8-12, til grunn for kommunal sakshandsaming. Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet av ulike statlege databasar, som naturbase, artskart, miljøregistreringar i skog ol. I tillegg kjem kommunale rapportar, undersøkinga og temakart, som «Viltkartlegging i Vaksdal kommune». I tillegg kan ein som døme nemnde detaljert miljøretta kartlegging av Bergsdalsvassdraget som kjeldegrunnlag for lokal forvaltning. Det kan vere trong for å styrke informasjonen om naturgrunnlaget og artsmangfaldet i enkelte området i kommunen, gjennom samarbeid med statleg forvaltning og aktuell fagmiljø



**ANDRE SPØRSMÅL:**

**Sigmund Simmenes**

- Om TV-innsamlinga til Unicef 22.10.17 - ba om at rådmannen sender skriv til bygdelag o.a. om organisering av bøssebærarar
  - Om avlastingsplassar i kommunen
    - Heidi Rongved ba rådmannen leggja fram ei sak om korleis dekninga på sjukeheimane er, inkl stoda med avlastingsplassan
- Rådmannen svarte - dette vil inngå i tertialrapport pr.august som kjem til behandling

**Anneli Vatle Lilletvedt**

Orientering frå næringssselskapet i kommunestyret

Ordførar svarte

**Kjartan Haugsnes**

Ønskjer å få orientering om framdrifta på skulesakene

Rådmannen svarte - det kjem ei orientering i kommunestyret